

Foto: Silje Drevdal

Handlingsprogram 2024–2027

SAMAN
OM



Miljøløftet

Alver kommune | Askøy kommune | Bergen kommune | Bjørnafjorden kommune | Øygarden kommune
Statens vegvesen | Vestland fylkeskommune | Jernbanedirektoratet | Statsforvaltaren i Vestland



Føreord

Miljøløftet er namnet på samarbeidet om å nå nullvekstmålet: I byområda skal klimagassutslepp, kø, luftforureining og støy reduserast gjennom effektiv arealbruk og ved at auken i persontransporten takast med kollektivtransport, sykling og gange.

Miljøløftet består av ni partar: Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden kommunar, Vestland fylkeskommune og dei statlege verksemdene Statens vegvesen, Jernbanedirektoratet og Statsforvaltaren i Vestland. Gjennom byvekstavtalen har partane forpliktet seg til å samarbeide om å nå nullvekstmålet. Byvekstavtalen gjeld for perioden 2019–2029 og inneheld samla sett investeringar og støtte til drift for cirka 16 mrd. kroner. Miljøløftet har eit fireårig handlingsprogram som blir rullert årleg. Handlingsprogram 2024–2027 er det sjuande handlingsprogrammet i Miljøløftet-regi, og det fjerde etter at avtaleområdet vart utvida i 2019/2020.

Handlingsprogram 2024–2027 er ei oversikt over investeringane som Miljøløftet planlegg dei neste fire åra, og inneheld prosjekt på om lag fem milliardar kroner. Realiseringa av handlingsprogrammet er avhengig av løyvingar både i fylkesbudsjett og statsbudsjett. For 2024 blir desse budsjetta vedtekne i desember 2023.

Alle partane i Miljøløftet har deltatt aktivt i arbeidet med handlingsprogrammet, og sjølv om det ikkje er like mange prosjekt i alle omlandskommunane sett opp mot tilgjengelege midlar i avtalen, så vert det jobba veldig godt for å få fram endå fleire gode og modne prosjekt til neste rullering.

I tillegg til mange gode prosjekt som er vidareførte frå handlingsprogram 2023-2026, er det prioritert nye infrastrukturprosjekt i alle kommunane i Miljøløftet. Det gjeld mellom anna gang- og sykkelveg i Nordre Hauglandsveg på Askøy, kor det i dag manglar løysing for gåande og syklande. I Alver held arbeidet med Knarvikplanen fram, der gåande og syklande skal vere i sentrum av ein miljøprioritert by. I Bjørnafjorden er gang- og sykkelveg i Åsen-Helleskaret prioritert, og i Øygarden er det prioritert utbetringar i sentrumsområdet Skogsskiftet.

I Bergen er det i denne rulleringa spelt inn fleire prosjekt enn det som er tilgjengeleg av finansiering. Det skal bli gjennomført prosjektoptimalisering for nokre av dei prosjekta som ikkje blei prioriterte i denne rulleringa. Resultatet blir forhåpentlegvis at prosjekta kan bli gjennomført til ein lågare pris, samstundes som dei bidreg til vidare måloppnåing.

Kollektivtransport er særleg viktig for å nå nullvekstmålet, og i handlingsprogram 2024-2027 ligg det inne ein planlagt auke i Skyss sin bruk av belønningmidlar. Frå 2023 blir det pilotert eit samkøyrings-prosjekt i Askøy og Øygarden. Dette skal fungere saman med, og som del av det eksisterande kollektivtilbodet.

Ettersom Bybanen byggetrinn 4 er opna, og avtalen kring finansiering av byggetrinn 5 førebels ikkje er på plass, har ikkje årets handlingsprogram ein eigen post på den statlege 50/50 ordninga (post 63). Når ny avtale om finansiering er på plass, vil dette komme inn igjen i ei framtidig rullering. Delar av det førebuande arbeidet med Bybanen byggetrinn 5 ligg likevel inne i handlingsprogrammet med midlar frå Bypakke Bergen.

Handlingsprogrammet inneheld midlar som er del av regjeringa sin bompengavtale. Dette er ei tredelt tilskotsordning på til saman 177 mill. årleg. Tilskotet til reduserte bompengar og betre kollektivtilbod går frå mars 2023 i sin heilskap til betre kollektivtilbod. Tilskot til betre kollektivtilbod skal finansiere bybanen. Her ventar partane i Miljøløftet på godkjend reguleringsplan for Bybanen til Åsane, før detaljeringa av tilskotet blir avklart. Tilskot til reduserte billettprisar til kollektivtrafikk blir nytta til å redusere periodebilletten hjå Skyss, som tidlegare.

Alle prosjekt har eit eige prosjektark, som er samla i prosjektporteføljen for 2023. For meir detaljert og utfyllande informasjon om prosjekta som er del av handlingsprogrammet, viser vi til porteføljen, som ligg på miljøløftet.no.



Innhold

Miljøløftet	4	Om Miljøløftet
Organisering	5	Styringsgruppa
	5	Prioriteringsrådet
	5	Samordningsfunksjonen
	5	Geografiske arbeidsgrupper
	5	Organisasjonskart
Styring	6	Porteføljestyling
	6	Styringsprosess
	6	Årleg avgjerdsprosess
Økonomi	7	Finansiering byvekstavtalen
	7	Finansiering Bypakke Bergen (Prop 11 S)
	7	Satsingsområder
	7	Merknader
	8	Inntekter byvekstavtalen
	8	Inntekter Bypakke Bergen (Prop 11 S)
	9	Utgifter byvekstavtalen
	9	Utgifter Bypakke Bergen (Prop 11 S)
	10	Prosjekt i byvekstavtalen
	13	Prosjekt i Bypakke Bergen (Prop 11 S)

Om Miljøløftet

Gjennom byvekstavtalane samarbeider dei tre forvaltningsnivåa stat, fylkeskommune og kommune om det nasjonale målet om nullvekst i persontransport med personbil.

Miljøløftet er samarbeidet om byvekstavtalen for Bergensområdet. Avtalen er inngått mellom Samferdselsdepartementet (med Statens vegvesen og Jernbanedirektoratet), Kommunal- og distriktsdepartementet (med Statsforvaltaren i Vestland), Vestland fylkes-


kommune og kommunane Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden.

Bompengepakken Bypakke Bergen (Prop. 11 S) er også ein del av Miljøløftet, men avgrensar seg geografisk til Bergen kommune. Prosjekt og tiltak i Miljøløftet skal bidra til å nå nullvekstmålet og til eit miljøvennleg, effektivt og trygt transportsystem som gir god mobilitet for innbyggjarar og næringsliv. Byvekstavtalen sikrar ein meir heilskapleg bruk av verkemiddel enn det partane kan oppnå kvar for seg, fordi den omfattar statlege, fylkeskommunale og kommunale tiltak både på areal- og transportområdet. Miljøløftet skal bidra til ei framtidretta utvikling av Bergensområdet.

Byvekstavtalen



Bypakke Bergen



Organisering

Styringsgruppa

Styringsgruppa har hovudansvaret for styring og koordinering av Miljøløftet, basert på prinsipp om porteføljestyling og mål- og resultatstyring. Arbeidet skal danne grunnlag for saksframlegg det er semje om til fylkesting, by- og kommunestyre. Det er desse som tek dei endelege avgjerdene om korleis ein skal prioritere midlane i Miljøløftet.

Prioriteringsrådet

Prioriteringsrådet skal prioritere og balansere porteføljen til Miljøløftet, basert på vurderingskriterium og satsingsområde. Prioriteringsrådet behandlar og gir råd om nytte, kostnader og risiko knytt til aktuelle prosjekt og tiltak. Rådet innstiller til handlingsprogram, behandlar avvik og fremjar saker til styringsgruppa.

Samordningsfunksjonen


Samordningsfunksjonen skal samordne prosjektforslag for å legge til rette for god porteføljestyling.

Den skal avvege faglege, tverrfaglege og geografiske problemstillinger. Funksjonen skal sikre god kvalitet i utfylling av prosjektark, vurdere prosjekta, og fremje eit forslag til handlingsprogram til prioriteringsrådet. Samordningsfunksjonen arbeider på vegner av alle partane i Miljøløftet.

Geografiske arbeidsgrupper

Miljøløftet har fire geografiske arbeidsgrupper, med ansvar for kvar sin del av avtaleområdet. Dei fire arbeidsgruppene er: Nord-aust (Alver kommune og bydelane Åsane og Arna), Vest (Øygarden og Askøy kommunar, og ytre del av Laksevåg bydel), Sør (Bjørnafjorden kommune og bydelane Fana og Ytrebygda) og Sentrum (Bergenhus, Årstad, Fyllingsdalen og Indre Laksevåg). Arbeidsgruppene er sett saman på tvers av etatar og utviklar forslag til prosjekt på vegner av partane i Miljøløftet.

Organisasjonskart



Styring

Porteføljestyring

Prosjekta i byvekstavtalen blir prioriterte gjennom porteføljestyling. Det vil seie å gi prosjekta ei heilskapleg vurdering basert på måloppfyljing, disponible midlar, samfunnsøkonomisk lønnsemd, planstatus og kapasitet på planlegging og gjennomføring.

Styringsprosess

Alle prosjekt som er ønska, vert spelt inn gjennom prosjektark. Desse blir samla i ein prosjektportefølje, som er utgangspunktet for porteføljestylinga. Dei prosjekta som blir prioritert med finansiering, blir del av handlingsprogrammet. Dette blir rullert kvart år. Årsmeldinga rapporterer på kostnad og måloppnåing.

Porteføljestyling i Miljøløftet



Årleg avgjerdsprosess:

- Saman med samordningsfunksjonen og prioriteringsrådet arbeider sekretariatet fram forslag til fireårig handlingsprogram
- Styringsgruppa behandlar forslag til handlingsprogram for Miljøløftet i mars. Deretter blir det sendt til lokalpolitisk behandling i Vestland fylkeskommune og dei fem kommunane før sommaren.
- Handlingsprogrammet sitt forslag til bruk av dei statlege midla, er styringsgruppa sitt innspel til Statsbudsjettet. Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett (Prop.1 S) blir lagt fram i oktober med etterfølgande behandling i Stortinget.
- Handlingsprogrammet sitt forslag til bruk av fylkeskommunale midlar, er styringsgruppa sitt innspel til fylkesbudsjettet. Fylkesbudsjettet blir vedteke i desember.

Økonomi

Finansiering byvekstavtalen

Byvekstavtalen går over 11 år, frå 2019 til 2029, og avtalen innebær statlege og fylkeskommunale finansieringsbidrag. Prosjekta i handlingsprogram 2024–2027 er utgangspunktet for partane sine innspel til fylkesbudsjett 2024 og statsbudsjett 2024. Finansieringa til prosjekta i handlingsprogrammet er avhengig av budsjettvedtak frå dei nemde budsjetta.

Midlane i byvekstavtalen kjem frå følgjande finansieringskjelder:

Statlege midlar

- Post 30: Programområdetiltak på riksveg
 - kan også nyttast til kommunale og fylkeskommunale gange-, sykkel- og kollektivtiltak, avgrensa til investeringar. Dersom midlane nyttast til tiltak på kommunal og fylkesveg, overføres budsjettmidlane teknisk frå post 30 til post 66.
 - bevilgningane i statsbudsjettet kan variere frå år til år, men i nærleiken av byvekstavtalen sitt årlege gjennomsnitt
- Post 63: Særskilt tilskot til store kollektivprosjekt (50/50-ordning)
 - Bybanen byggetrinn 4 var omfatta av denne ordninga, den statlege finansieringa hadde si siste løyving til prosjektet i 2022.
 - Inneverande Nasjonal Transportplan (NTP) legg opp til at Bybanen byggetrinn 5 til Åsane skal finansierast av denne ordninga. Prosjektet blir innarbeidd i Miljøløftet sitt handlingsprogram når finansieringsavtalen er på plass.
- Post 66: Tilskot til byvekstavtalar
 - belønningsmidlar til kommunane
 - belønningsmidlar til drift kollektiv (Skyss)
 - regjeringa si bompengeaftale

Post 66 blir utbetalt som tilskot frå staten til fylket. Ubrukte midlar blir satt på fond til seinere års bruk.

Fylkeskommunalt bidrag

Vestland fylkeskommune bidrar årleg med investeringsmidlar til Miljøløftet. Løyvingane i fylkesbudsjettet kan variere frå år til år, men i nærleiken av byvekstavtalen sitt årlege gjennomsnitt.

Finansiering Bypakke Bergen (Prop 11 S)

Bypakke Bergen går over tjue år, fra 2018-2037. Det er estimert ein brutto bompenginntekt på i overkant av 1 mrd. årleg. Bompenginntektene baserer seg på ein

ÅDT i tråd med stortingsproposisjonen, og ein gjennomsnittstakst på nivå med prognosane for 2023.

Satsingsområda


Prosjekta i handlingsprogrammet er sortert på satsingsområda i byvekstavtalen.

Merknader

- Tal i handlingsprogrammet er oppgitt i forventata 2024-kroner.
- For prosjektkostnadane er finansdepartementet si forventata indeks for 2023 brukt (2%), både for 2023 og 2024. Når dei faktiske indeksane blir kjent, blir prosjektkostnadene justert i tråd med faktisk indeks. For inntektene i byvekstavtalen, blir finansdepartementet si indeks for 2023 brukt. Inntektene blir ikkje justert i etterkant med faktisk prisvekst.
- For dei foregåande to åra har det vart store avvik i faktisk og forventata indeks. Dette medfører at midlane i byvekstavtalen ikkje strekker like langt som man forventata når avtalen blei signert.
- Prosjekta som blir finansiert av fylkeskommunale midlar, samt riksvegtiltak er inkludert meirverdiavgift.
- Prosjekt på kommunal og fylkesveg som blir finansiert av statlege midlar er ikkje inkludert meirverdiavgift i perioden 2024-2027
- I 2022 vart det vedteke at tilskotet som tidlegare vart nytta til reduserte bompenger, frå og med mars 2023 skal nyttast til betre kollektivtilbod. Tilskotet skal nyttast til å finansiera Bybanen. Partane i Miljøløftet avventar godkjent reguleringsplan for Bybanen til Åsane, før det blir avgjort kva for ein del av Bybanen tilskotet skal finansiera.
- For ytterlegare informasjon om enkeltprosjekt i handlingsprogrammet, se Miljøløftets prosjektportefølje 2023 på miljøløftet.no

Inntekter byvekstavtalen

Tabell og kakediagram detaljerer inntekter for byvekstavtalen i handlingsprogramperioden 2024–2027 og er i mill. 2024-kr.



Finansieringskjelder i tråd med byvekstavtalen 2019-2029 for perioden 2024–2027	2024	2025	2026	2027	Sum 2024–2027
Byvekstavtalen					
Fylkeskommunalt bidrag - årleg gjennomsnitt	301	301	301	301	1 204
Post 30: Programområdemidler - årleg gjennomsnitt	446	446	446	446	1 784
Post 63: Statleg tilskot til store kollektivprosjekt					
Post 66: Tilskot til byvekstavtalar					
- belønningsmidlar til kommunane	38	38	38	38	152
- belønningsmidlar til drift kollektiv	313	313	313	313	1 252
- tilskot til betre kollektivtilbod	121	121	121	121	486
- tilskot til reduserte billettprisar kollektivtilbod	56	56	56	56	224
Sum finansiering byvekstavtalen	1 275	1 275	1 275	1 275	5 101


Inntekter Bypakke Bergen (Prop 11 S)

Tabellen detaljerer estimerte inntekter for Bypakke Bergen (Prop 11 S) i handlingsprogramperioden 2024–2027 og er i mill. 2024 kr. Prognosen leggjar til grunn ei gjennomsnittsinntekt per passering på kr 12,30 og ein ÅDT på 250 000.

Finansieringskjelder i tråd med Bypakke Bergen (Prop 11 S) for perioden 2024–2027	2024	2025	2026	2027	Sum 2024–2027
Brutto bompenggeinntekt	1 145	1 145	1 145	1 145	4 581
Sum inntekter Bypakke Bergen (Prop 11 S)	1 145	1 145	1 145	1 145	4 581

Utgifter byvekstavtalen

Tabell og kakediagram detaljerer estimerte utgifter for byvekstavtalen i handlingsprogramperioden 2024–2027 og er i mill. forventa 2024-kr.




Disponering av midlar i Handlingsprogrammet 2024–2027	2024	2025	2026	2027	Sum 2024–2027
Byvekstavtalen					
Fylkeskommunalt bidrag	304	263	299	308	1 174
Post 30: Programområdemidlar	338	248	373	719	1 679
Post 63: Statleg tilskot til store kollektivprosjekt					
Post 66: Tilskot til byvekstavtalar					
- belønningsmidlar til kommunane	58	65	62	51	235
- belønningsmidlar til drift kollektiv	325	347	353	362	1 386
- tilskot til betre kollektivtilbod	121	121	121	121	486
- tilskot til reduserte billettprisar kollektivtilbod	56	56	56	56	224
Sum Byvekstavtalen	1 202	1 100	1 264	1 618	5 183

Utgifter Bypakke Bergen (Prop 11 S)

Tabell og kakediagram detaljerer estimerte utgifter for Bypakke Bergen (Prop 11 S) i handlingsprogramperioden 2024–2027 og er i mill. forventa 2024-kr.

Disponering av midlar i Bypakke Bergen (Prop 11 S) 2024-2027	2024	2025	2026	2027	Sum 2024–2027
Sum rekvirering av bompengar, samt drifts- og finanskostnader	551	286	286	286	1 409
Sum Bypakke Bergen (Prop 11 S)	551	286	286	286	1 409



Prosjekt i byvekstvtalen

Tabellene detaljerer prosjekt med finansiering gjennom byvekstvtalen i handlingsprogramperioden 2024–2027. Prosjekta er sortert under finansieringskjelde og satsingsområde, vidare etter totalkostnad.

- Tala er oppgitt i 1000 og indeksert til forventa 2024-kr
- Prosjekt der totalkostnad ikkje er oppgitt er årlege pottar

Fylkeskommunalt bidrag

	Prosjektnamn	Kommune	Totalkostnad	Tidlegare løyving	2024	2025	2026	2027	Restbehov etter 2027
Gange og sykkel	Fv5306 Hesthaugvegen, Åsane terminal–Morvik, del 1: Åsane terminal–Haukedalen skole	Bergen	234 200	-	-	-	8 300	47 300	178 600
	Fv5216 Håkonshellavegen, Alvøen–Myraskjernet, gang- og sykkelveg	Bergen	142 500	87 000	55 500	-	-	-	-
	Mva (og prosjektering) prosjekt i Bergen som blir finansiert av statleg tilskot	Bergen	130 000	-	-	22 400	23 800	27 400	56 400
	Fv5208 Kjøkkelvikevegen samanhengande gang og sykkeltilbod	Bergen	54 700	-	-	1 200	30 300	23 200	-
	Fv5190 Apeltunvegen	Bergen	47 100	6 000	36 400	4 700	-	-	-
	Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartspuuter	Bergen	42 400	23 300	15 900	3 200	-	-	-
	Fv5348 Klostergaten, gateoppusting	Bergen	28 600	-	-	5 300	21 200	2 100	-
	Fv558 Tennebekk næringsområde ombygging av kryss/avkjørsel	Bergen	14 000	-	-	6 500	7 500	-	-
	Sykkelteiling i Bergensområdet	Heile avtaleområdet	4 000	-	2 000	2 000	-	-	-
	Standardheving med vedlikeholdskaraktar fylkesveg	Heile avtaleområdet	-	-	51 000	51 000	51 000	51 000	102 000
	Trafikksikkerhet	Bergen	-	-	25 500	25 500	25 500	25 500	51 000
	Planlegging fylkesveg	Bergen	-	-	15 300	15 300	15 300	15 300	30 600
	Prosjektering diverse fylkesveg og grunnverv	Bergen	-	-	5 100	7 100	7 100	7 100	14 300
	Fremkommelighetstiltak sykkel	Bergen	-	-	3 600	3 600	3 600	3 600	7 100
	Program for teljing og analyse av fotgjengarstraumar og åtferd	Bergen	-	-	1 000	1 000	1 000	1 000	2 000
Kollektivtransport	Kjøp av bybanevogner til drift av bybanen linje 2 mellom Bergen sentrum og Oasen	Bergen	291 000	51 400	40 000	60 000	50 000	50 000	39 600
	Vedlikeholdstiltak av investeringskaraktar Bybanen og Trolleybuss	Bergen	-	-	17 000	17 000	17 000	17 000	34 100
	Gangveier til kollektivtraséer	Bergen	-	-	12 100	12 100	12 100	12 100	24 300
	Oppgradering holdeplasser	Bergen	-	-	8 200	8 200	8 200	8 200	16 300
	Mindre kollektivtiltak, enklare tiltak	Bergen	-	-	3 100	4 100	4 100	4 100	8 200
	Oppgradering signalanlegg og ASP	Bergen	-	-	1 500	1 500	1 500	1 500	3 100
	Sentrums og knutepunktsutvikling i Bergen - Oppstartsmidler	Bergen	-	-	500	1 000	1 000	1 000	2 000
Anna	Drift av sekretariatet i Miljøløftet	Heile avtaleområdet	-	-	9 000	9 000	9 000	9 000	18 000
	Reisevaneundersøkelsen (RVU)	Heile avtaleområdet	-	-	1 500	1 500	1 500	1 500	3 100
Sum fylkeskommunale prosjekt			988 500	167 700	304 200	263 200	299 000	307 900	590 700



Statlege post 30-midlar: Programområdetiltak

	Prosjektnamn	Kommune	Total-kostnad	Tidlegare løyving	2024	2025	2026	2027	Restbe-hov etter 2027	Anna finan-siering
Gange og sykkel	E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5, Kristianborg–Bergen sentrum	Bergen	1272 000	1 176 700	81 600	13 700				
	E39, Fv558 Gyldenpriskrysset og Carl Konows gate	Bergen	364 300	325 500	38 800					
	E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3, Nesttun – Fjøsanger	Bergen	306 000				51 000	123 500	107 600	23 900
	E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun-Skjold	Bergen	252 500	140 800	50 000	44 500	17 200			
	E39, Fv556 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 4, Fjøsanger-Kristianborg	Bergen	211 700				43 700	132 100	16 700	19 200
	E39, Fv577 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken –Glass Knag	Bergen	186 500	113 700		26 000	32 200	8 400	-	6 200
	E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5, Fjøsangerveien/Solheimsgaten - Fabrikkgaten	Bergen	100 500				8 400	56 300	23 900	11 900
Kollektiv	E16 Trafikktiltak Nygårdstangkrysset/Fjøsangerveien	Bergen	11 700		8 200	3 500				
	Oppgradering holdeplasser E39 Bjørnafjorden	Bjørnafjorden	2 000		1 000	1 000				
Delsum post 30 midlar til prosjekt på riksveg			2 707 200	1 756 700	179 600	88 700	152 500	320 300	148 200	61 200
Gange og sykkel	Fv582/ Kv5312 Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft), sykkelanlegg	Bergen	293 500				30 000	50 200	152 600	60 700
	Fv5254 Kleppevegen ved Myrane	Askøy	225 700	31 900	39 600	42 600	13 400			98 200
	Fv585 Nattlandsveien, Birkelundtoppen -Hagerupsvei, nord	Bergen	171 700					30 600	103 900	37 200
	Fv552 Etablering av trafikksikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	Bjørnafjorden	168 300	51 200	35 000	19 700	4 300			58 100
	Kv1156 Skarholmvegen	Askøy	155 400					154 300		1 100
	Fv582 Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle	Bergen	142 600			7 500	40 100	50 100	12 800	32 100
	Fv560, Kv2024 m.fl. Skogskiftet sentrumsområde	Øygarden	74 300			31 800	42 500			
	Kv1136 Sentrumsgate Grønamyrsvegen	Øygarden	71 100	37 700	27 700					5 700
	Fv5242, Fv5244, Kv1431 Miljøgate Ågotnes - delstrekning 1	Øygarden	68 100				31 800	31 800		4 500
	Fv5308 Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	Alver	48 900	20 200	11 400	8 200				9 100
	Fv5474 Seim	Alver	43 800					20 100	9 100	14 600
	Åsen-Helleskaret gang og sykkelveg	Bjørnafjorden	42 400		21 200	10 600	10 600			
	KV4181 Wiers-Jenssens vei sykkeltiltak	Bergen	39 900			4 000	35 900			
	Fv5264 Nordre Hauglandsveg	Askøy	31 400					31 400		
	KV4728 Litleåsvegen sykkeltiltak	Bergen	30 600					30 600		
	Fv5452 Hillesvåg – Apalen, etablering av G/S-veg	Alver	21 000			1 200	10 200			9 600
	Fv5458 Ostereidet/Lindsdalen i Alver, G/S-veg	Alver	20 800		4 200	10 800	1 600			4 200
	Kv 1023, Kv 1056, Knarvikplanen, gang- og sykkelveier	Alver	19 600		10 600	9 000				
	Fv5452 Leknesvegen	Alver	10 200		6 500	1 700				2 000
	Fv510 Trolldalen-Lepsøyvegen - trygg GS-løsning	Bjørnafjorden	8 200	1 000		7 200				
Fv 565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau	Alver	2 100		2 100						
Kollektiv.	Fv565 Hilland i Alver kommune, rundkjøring/snumulighet for buss	Alver	10 600			5 300				5 300
Delsum post 30 midlar til prosjekt på kommunal- og fylkesveg			1 700 200	142 000	158 300	159 600	220 400	399 100	278 400	342 400
TOTALSUM PROSJEKT POST 30			4 407 400	1 898 700	337 900	248 300	372 900	719 400	426 600	403 600

Statlege post 66-midlar: Belønningssmidlar avtalekommunar

	Prosjektnamn	Kommune	2024	2025	2026	2027	Restbe- hov etter 2027
Gange og sykkel	Oppfølging av handlingsplan for sykkelsatsing i Bergen kommune	Bergen	25 000	32 500	35 000	30 000	6 500
	Tiltak i handlingsplan for gange - bygging	Bergen	6 500	11 800	10 700	10 700	3 500
	Bysykkelordningen i Bergen	Bergen	4 300	4 300	4 300		
	Samlepott belønningssmidler Alver 2024	Alver	4 100				
	Planleggingssmidler Askøy kommune	Askøy	2 600	2 600	2 600	2 600	
	Sykkelbyavtale - Sykkelbyen Bergen	Bergen	2 200	2 200	2 200	2 200	
	Kronstad - Haukeland vest sykkelkobling	Bergen	2 000	2 000	1 600		
	Prosjektstillingar for å styrka kompetanse og gjennomføringsevne innanfor mobilitet i Øygarden kommune	Øygarden	2 000	2 000	2 000	2 000	
	Tiltak i handlingsplan for gange - plan	Bergen	1 700	2 400	1 000	1 500	
	Gang- og sykkelveg Ytre Arna - Breistein	Bergen	1 500				
	Kv3373 Bjørndalsbakken bru	Bergen	1 500	1 500			
	Sykkelstrategi for Bjørnafjorden kommune	Bjørnafjorden	1 000	1 000	1 000	1 000	
	Strategi for grønn mobilitet Bjørnafjorden kommune	Bjørnafjorden	1 000	1 000	1 000	1 000	2 000
	Prosjekt "bysyklar" i regionsenteret	Øygarden	1 000	1 000			
	Fv5452 Hillesvåg–Apalen, etablering av G/S-veg	Alver	500				
	Trafikkanalyse for regionsenter Straume	Øygarden	400				
	Oppfølging av sykkelstrategi	Askøy	200	200	200	200	
	Prosjekt "sykkelparkering" i regionsenteret	Øygarden	200	200			
Sum statlege post 66 midlar: Belønningssmidlar avtalekommunar			57 700	64 700	61 600	51 200	12 000

Statlege post 66-midlar: Belønningssmidlar til drift av kollektiv

	Prosjektnamn	Kommune	2024	2025	2026	2027	Restbe- hov etter 2027
Kollektiv- transport	Belønningssmidlar til drift av kollektivtransporten	Heile avtale- området	320 300	341 400	351 700	361 900	749 600
	Kommunikasjon: Få passasjerer tilbake til kollektivtrafikken	Heile avtale- området	1 000	1 000	1 000	0	0
	Samkøyring	Heile avtale- området	3 200	4 100	0	0	0
Sum statlege post 66-midlar: Belønningssmidlar til drift kollektiv			324 500	346 500	352 700	361 900	749 600

Statlege post 66-midlar: Regjeringa si bompenggeavtale

	Prosjektnamn	Kommune	2024	2025	2026	2027	Restbe- hov etter 2027
Kollek- tiv	Statleg tilskot til betre kollektivtilbod	Bergen	121 400	121 400	121 400	121 400	242 800
	Statleg tilskot til reduserte billettprisar kollektivtilbod	Heile avtale- området	55 900	55 900	55 900	55 900	111 800
Sum statlege post 66-midlar: Regjeringa si bompenggeavtale			177 300	177 300	177 300	177 300	354 600

Totalsum byvekstavgiften

	2024	2025	2026	2027	Sum HP 2024-2027
Sum alle prosjekt i byvekstavgiften i handlingsprogram 2024-2027	1 201 600	1 100 000	1 263 500	1 617 700	5 182 800

Handlingsprogram byvekst fordelt på satsingsområdene

Forventa bruk fordelt på satsingsområda i byvekstavgiften	2024	2025	2026	2027	Sum HP 2024-2027
Sum gange og sykkel	597 700	451 600	628 700	973 600	2 651 600
Sum kollektiv	593 400	637 500	623 900	633 100	2 487 900
Sum anna	10 500	10 500	10 500	10 500	42 000
Totalsum Byvekstavgift Bergen og omegn	1 201 600	1 099 600	1 263 100	1 617 200	5 181 500

Handlingsprogram byvekst fordelt på kommunane

Kommune	2024	2025	2026	2027	Sum HP 2024-2027
Sum Bergen kommune	585 400	476 600	671 800	893 500	2 627 300
Sum Alver kommune	39 400	36 200	11 800	20 100	107 500
Sum Askøy kommune	42 400	45 400	16 200	188 500	292 500
Sum Bjørnafjorden kommune	59 200	40 500	16 900	2 000	118 600
Sum Øygarden kommune	31 300	35 000	76 300	33 800	176 400
Sum heile avtaleområdet	443 900	465 900	470 100	479 300	1 859 200
Totalsum Byvekstavgift Bergen og omegn	1 201 600	1 099 600	1 263 100	1 617 200	5 181 500

Prosjekt i Bypakke Bergen (Prop 11 S)

Tabellen detaljerer prosjekt med finansiering i Bypakke Bergen i handlingsprogramperioden 2024-2027. Tala er oppgitt i 1000 og indeksert til forventa 2024-kr.

	Prosjektnamn	Kommune	Totalkostnad	Tidlegare løyving	2024	2025	2026	2027
Kollektiv	Førebuande arbeid med Bybanen BT5	Bergen	403 700	138 400	265 300			
	Netto finansposter	Bergen			209 000	209 000	209 000	209 000
Anna	Netto driftsutgifter	Bergen			77 000	77 000	77 000	77 000
	Sum bypakke Bergen		403 700	138 400	551 300	286 000	286 000	286 000

Alver kommune | Askøy kommune | Bergen kommune | Bjørnafjorden kommune | Øygarden kommune
Statens vegvesen | Vestland fylkeskommune | Jernbanedirektoratet | Statsforvaltaren i Vestland

Miljøløftet
Nygårdsgaten 112
5009 Bergen